



STORTINGET

# Representantforslag 53 S

(2017–2018)

frå stortingsrepresentantane Trygve Slagsvold Vedum, Liv Signe Navarsete, Knut Arild Hareide, Ola Elvestuen, Abid Q. Raja, Willfred Nordlund, Audun Lysbakken og Mona Lill Fagerås

Dokument 8:53 S (2017–2018)

---

**Representantforslag frå stortingsrepresentantane Trygve Slagsvold Vedum, Liv Signe Navarsete, Knut Arild Hareide, Ola Elvestuen, Abid Q. Raja, Willfred Nordlund, Audun Lysbakken og Mona Lill Fagerås om ny gjennomgang av kostnadane og konsekvensane knytt til nedlegginga av Andøya flystasjon**

---

Til Stortinget

## Bakgrunn

Ein samla utanriks- og forsvarskomite skreiv i Innst. 62 S (2016–2017) følgjande:

«Komiteen viser til at det er reist spørsmål ved det økonomiske beslutningsgrunnlaget knyttet til deler av langtidsplanproposisjonen, herunder samlingen på Evenes og Værnes. Dersom det fremkommer vesentlige endringer i beslutningsgrunnlaget, legger komiteen til grunn at regjeringen kommer tilbake til Stortinget i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett våren 2017 med en oppdatering.»

Det har i etterkant av handsaminga av langtidsplanen for forsvarssektoren kome fram fleire forhold som set vedtaket om nedlegginga av Andøya flystasjon i eit nytt lys. Aldrimer.no skreiv 2. september 2017 at ein amerikansk delegasjon som besøkte både Andøya og Evenes, åtvara mot å leggje ned Andøya flystasjon.

Det er over lengre tid sett store spørsmålsteikn ved dei estimerte innsparingane ved å leggje ned Andøya flystasjon. På oppdrag frå Senterpartiet gjennomførte det uavhengige konsulentelskapet Samfunnsøkonomisk Analyse ein ekstern gjennomgang av kostnadane

knytt til nedlegginga av Andøya flystasjon og flyttinga av Forsvaret sine maritime overvakingsfly til Evenes. Samfunnsøkonomisk Analyse konkluderer i rapporten med at innsparingane ved å samle aktiviteten på Evenes og legge ned Andøya flystasjon truleg vil bli vesentleg mindre enn det regjeringa estimerer, og at det er fare for store kostnadsoverskrider.

Ein har tidlegare erfaring i Forsvaret med at kostnadane knytt til flytting av basar har vorte vesentleg høgare enn det som har vore estimert. Medan nye Ørlandet flystasjon var estimert å koste 6 mrd. kroner, ser kostnadene no ut til å bli langt høgare. Norges Offisersforbund estimerte allereie i 2016 at kostnaden ville sprekkje, og at sluttsummen ville bli meir enn 15 mrd. kroner. Tidlegare leiar av Norges Offisersforbund, Egil André Aas, uttala mellom anna i eit intervju med Dagens Næringsliv torsdag 21. april 2016 at

«vi har 10–15 års erfaring. Besparelser ved å legge ned overvurderes alltid, kostnadene ved å flytte eller etablere nytt annetsteds blir alltid undervurderd. Tallgrunnlaget er dessuten nær umulig å få innsyn i.»

Noverande leiar av Norges Offisersforbund, Torbjørn Bongo, uttala i same intervju at

«det verste eksempelet er etablering av flybasen på Ørland. I starten var kalkylen seks milliarder kroner. Nå har kostnaden passert 15 milliarder. Det finnes mange flere.»

Ei nedlegging av Andøya flystasjon vil føre til at ein svekkjer Noreg sin kapasitet til å ta imot allierte forsterkingar.

At ein avviklar Andøya flystasjon samstundes som ein legg ned Bodø flystasjon, skaper større sårbarheit. Det er særskilt viktig at Stortinget er heilt trygg på at ei så stor avgjerd ikkje vert fatta på feil grunnlag. Det vil også

vere særstakt uheldig dersom avgjerdene vert fatta på eit grunnlag utan tillit hjå svært mange av dei som verte berørte av avgjerdene. Dersom innsparingane ved å leggje ned Andøya flystasjon er mindre enn estimert, er det lite klokt av Noreg å leggje ned eit forsvarsanlegg som fungerer svært godt.

Forslagsstillarane understrekar at Noreg ikkje er i nokon tvangssituasjon. Forsvaret har tid til å sikre seg at avgjerdsgrunnlaget ikkje har endra seg sidan langtidsplanen vart vedteken hausten 2016.

## Forslag

På dette grunnlaget legg forslagsstillarane fram følgjande

**f o r s l a g :**

Stortinget ber regjeringa setje i verk ein ny ekstern gjennomgang av kostnadane og konsekvensane knytt til nedlegginga av Andøya flystasjon og undersøke om det har kome endringar i talmaterialet og grunnlaget for avgjerdene.

7. november 2017

**Trygve Slagsvold Vedum**

**Liv Signe Navarsete**

**Knut Arild Hareide**

**Ola Elvestuen**

**Abid Q. Raja**

**Willfred Nordlund**

**Audun Lysbakken**

**Mona Lill Fagerås**